



ÅRDAL KOMMUNE

NOTAT

Plan og utvikling

Dok. ref.
20/829-37/K2-K12/8706

Dato:
26.10.20
23

Referat frå grunneigar møte 06.09.2023

Møtetittel:	REFERAT FRÅ GRUNNEIGARMØTE 06.09.2023
Møtedato:	06.09.2023
Møtetid:	17:30-19:00
Møteleiar	Stig Stark-Johansen
Møtestad:	Kulturhuset i Øvre Årdal
Deltakarar:	Grunneigarar: Hans Olav Hellesøe, Wenche Hellesøe, Jostein Holsæter, Roger Vetti, Jostein Holsæter, Kjell Eldegard, Nils Midtun, Ruth Marit Saur, Ole Terje Tokvam, Johnny Gjerde, Vidar Moen, Øyvind Hjelle. Årdal kommune: kommunedirektør Stig Stark-Johansen, Martin Ramsland Stensaker og Stine Ohrvik Statsforvaltaren i Vestland: Halvor Røssum
Kopi til:	

Referat:

Innhald:

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ønska grunneigarane velkomne og presenterte saka kort. Martin Stensaker heldt ei generell presentasjon av saka, medan Halvor Røssum gav ei kort innføring i Statsforvaltaren si rolle og den vidare saksgangen.

I presentasjonen vart det gitt informasjon om korleis saka skal handsamast, bakgrunnen for den, kva andre kommunar har gjort, konsekvensane av eit vern og den vidare prosessen dersom det blir eit ja til utgreiing.

Til slutt kom grunneigarane med spørsmål og innspel, og det vart diskutert korleis ein skal leggje til rette for at innspela deira blir teke med i saka.

Oppsummering av det som vart presentert:

Bakgrunnen for utvidinga kjem frå at Noreg har underteknna Montreal-avtala om vern av naturen, og at Statsforvaltaren i Vestland i denne samanhengen har fått i oppdrag å undersøke om det er lokal aksept i kommunane for mellom anna å utvide Jotunheimen nasjonalpark. Forslaget som ligg føre i dag handlar om å utvide nasjonalparken og endre verneformar for delar av Utladalen landskapsvernområde slik at det blir inkludert i nasjonalparken. Verneverdiane i området inkluderer mellom anna friluftsliv, urørt natur i eit unikt høgfjellslandskap, villreinområde og kalkrike område med potensielt rik flora. Det er viktig å presisere at det som no vurderast, er om det er lokal aksept for ei utgreiing av heile eller delar av dei føreslårte områda (som ikkje er ein endeleg grense for vern, den blir eventuelt fastsett seinare). For øyeblikket blir det derfor teke stilling til om det skal gjerast ei utgreiing, ikkje ei endeleg avgjerd om utviding. Hvis kommunen seier nei til vidare utgreiing, stoppar prosessen umiddelbart. Hvis kommunen seier ja, vil utgreiinga halde fram. Det blir oppretta arbeidsgrupper som inkluderer ulike interessegrupper, samtidig som Luster, som har sagt ja, også vil ha sine arbeidsgrupper. Etter utgreiinga vil det bli lagt fram eit forslag til vern. Kommunen kan godkjenne dette forslaget, og då vil verneforslaget gå til kongeleg resolusjon. Alternativt kan kommunen avslå vernforslaget, noko som vil avslutte prosessen.

På austsida av Jotunheimen i Innlandet har kommunane Vang, Øystre Slidre, Nord-Fron, Sel, Lom og Vågå allereie gått gjennom denne delen av prosessen. Av desse kommunane har alle utanom Vågå sagt nei til vidare utgreiing. Statsforvaltar i Innlandet har informert om at motstanden i desse kommunane var størst blant private grunneigarar og landbruksinteresser. Dei argumenterte mellom anna for at områda deira allereie blir godt forvalta gjennom gjeldande lovverk, at vern kan føre til auka byråkrati og følelse av rådighetsinnskrenking, at auka ferdsel kan vere til ulempe for landbruksinteresser, at det er liten risiko for store naturinngrep i område som grensar til Jotunheimen, og at visse forhold ikkje blir tilfredsstillande erstatta av staten. Vågå har sagt ja til vidare utgreiing for delar av dei føreslårte områda. Statsforvaltar i Innlandet nemner at dei som var positive til utgreiing peika på at ei utviding av nasjonalparken er den beste måten å sikre naturområda på lang sikt, samt at areala i eit verneområde vil bli sikra for dagens bruk (beite, jakt, fiske, friluftsliv osb.). På vestsida har Luster også sagt ja til vidare utgreiing. Det vil vere naturleg å etablere eit samarbeid mellom kommunane som seier ja.

Presentasjonen gjekk også gjennom nokre av konsekvensane ved eit vern:

- Verneforskrifta vil gjelde, med nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndighet.
- Ingen varige inngrep i verneområdet, med visse unntak i tråd med verneforskrifta.
- Vil gjere det vanskelegare å gjennomføre kraftutbygging i nærleiken av verneområdet.
- Generelt forbod mot motorferdsel (forvaltningsmyndigheten kan gi løyve til blant anna øvingskjøring for nokon aktørar)
- Sikrar urørt natur på lang sikt.
- Beite, jakt, fiske og friluftsliv kan halde fram som tidlegare.
- Årdal har fått status som nasjonalparkkommune, noko som kan fungere som eit kvalitetsstempel og opne for nye moglegheiter.
- Endra verneform i Utladalen: Liten praktisk konsekvens.

Spørsmål/innspel/diskusjon:

Etter presentasjonen hadde grunneigarane nokre spørsmål som handla om kartutsnitt, interesser som snøscooterkjøring i beredskap og skiløyper, merking av løyper, stølsdrift og ferdsel.

Det kom fram at nokre meinte at kartet over det føreslårte utgreiingsområdet var uklart. Det vart svara at dette kartet ikkje er endeleg, at det berre er Statsforvaltaren i Vestland sitt forslag til område som kan utgreia, og ikkje eit forslag til verneavgrensingar, som eventuelt vil kome seinare i prosessen. Det vart òg informert om at det er opp til kommunen å avgjere omfanget/grensene til utgreiingsområda, og at innspel frå grunneigarar er ein viktig del av denne vurderinga.

Jostein Holsæter spurte om det kan bli eit problem med merking av turløyper. Han nemnte at søknadar om merking tidlegare hadde blitt handsama for treigt. Halvor Røssum svarte at det må innhentast kunnskap, at dette er noko dei ønskjer å avklare i denne prosessen. Han nemnte at villrein er relevant i denne samanhengen. Vidar Moen nemnte at DNT i Oslo hadde fått løyve for 4 år. Halvor Røssum sa at det er eit mål å legge til rette for mest mogleg effektiv saksbehandling. Kommunedirektør Stig Stark-Johansen spurte om kommunane kan setje vilkår; Halvor Røssum svara at Luster hadde sett fram ulike krav og at kommunen har moglegheit for dette.

Vidar Moen nemnte at kommunen sin rolle er viktig, og at den vedtatte samfunnsplanen har god samankopling med vern av nasjonalparken, samt at dette kan fungere som eit verktøy for å bli ein miljøkommune og framheve positive sidar ved kommunen.

Nils Midttun spurte om grensene kan bli trekta ned til stølar. Halvor Røssum svarte at Statsforvaltaren ikkje ønskjer å inkludere stølar i verneområdet og at dei ønskjer å trekkje grensa utanfor område med skog.

Det kom også fram at nokon har opplevd det som vanskelegare for visse aktørar å få løyve frå forvaltningsmyndigheita i nasjonalparken til mellom anna snøscooterkjøring enn andre, og at likebehandling er viktig. Kommunen var samde i at prinsippet om likebehandling må følgjast.

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen diskuterte med grunneigarane korleis dei kan organisere seg for å bli hørt best mogleg. Det vart einigkeit om at Årdal kommune ber grunneigarane kome med konkrete innspel angåande den mogelege utgreiinga **innan 1. november 2023**, slik at desse kan takast med som ein del av vurderinga i saksframleggjet som skal skrivast. Innspela kan sendast til postmottak@ardal.kommune.no eller til Årdal kommune, Stasråd Evensenveg 4, 6885 Årdalstangen.

Martin Ramsland Stensaker
Kommuneplanleggjar